


Eva
Røyrane
Oddleiv
Apneseth



Naustlandet

Eva
Røyrane

Oddleiv
Apneseth
(foto)

Naustlandet

Naustet i støa	23
Finnmark	41
Troms	65
Nordland	123
Trøndelag	161
Møre og Romsdal	191
Sogn og Fjordane	227
Hordaland	295
Rogaland	405
Kysten utan flo og fjøre	435
Kjelder og litteratur	445
Kart	450



I Norge har vi levd ved og av havet til alle tider, og kysten forteller en viktig del av historien vår.

Kystens kulturmiljø spenner vidt, fra de eldste sporene etter bosetning langs kysten og frem til vår tid. Langs kysten finner vi alt fra steinalderboplasser og røyser til uthavner og fiskevær, skipsvrak og fartøy, kaier og fyr og ikke minst sjøhus og naust. Før vi fikk veier, broer og tunneler, var sjøen vår riksvei nummer én og det som bandt landet sammen, og båten var vårt viktigste framkomstmiddel.

I dag er mange opptatt av å bevare og bruke den rike kulturarven langs kysten som en ressurs. Det ligger store muligheter i å se bevaring og bruk i sammenheng, og dette er tema for regjeringens nye bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø. Den skal sette sitt preg på hvordan vi tar vare på kulturminnene våre fremover.

Likevel kan det av og til virke som om utfordringene tårner seg opp i horisonten. Langs kysten baler folk med ulike ting. Noe er nytt, som fraflytting, press på lokalsamfunn fra turisme og bygninger som går ut av bruk og forfaller.

Andre trusler er de samme gamle: uvær og et værhardt klima med regn, vind og væte som sliter ned bygninger og anlegg, år for år. Utsatte der nede i fjæra er naust og sjøhus blant de kulturminnene som vi taper flest av hvert år.

For å motvirke tap og for å sette pris på det vi har, trenger vi kunnskap. Den kunnskapen øker med boka du nå har i hendene: *Naustlandet*.

Denne boka handler om en bygningstype som vi har tatt for gitt på mange måter. Ofte er de ikke så store, og bruken tilhørte hverdagsslitet. Unnselige, kanskje gråslitte og litt lutende gjør de ikke så mye av seg.

Fiskerbonden hadde sitt arbeidsmiljø i naust og buer, på brygger og i fartøy, og ordet naust betyr «der båten står» på norrønt. Som regel er naustet en del av et større kulturmiljø, tett knyttet til de mange små og åpne båtene som ble brukt til heimefiske og transport, og det huset utstyr som fiskeredskaper, nøter og teiner.

Kysten er mangfoldig, og den norske fiskerbonden var ikke alene. Det er en rekke sjøsamiske og kvenske naust, og båtreisende romanifolk/tatere har hatt tradisjoner for å overnatte og overvintre i sjøboder og naust. Naustet har derfor vært en mangfoldig bruksbygning i ordets rette forstand.

I dag er ikke den opprinnelige bruken av naustet en selvfølgelig del av hverdagen. Jo, det gir fortsatt båten ly, men båten brukes oftere til fritidsfiske på sommerstille kvelder enn til livsnødvendig matauk. I verste fall står naustet helt ubrukt og forlatt til bølgene tar det en vinternatt.

Men kanskje er det andre bruksområder for et gammelt naust? Hva med gjestebu, snekkerverksted, ølbryggeri, hjemmekontor eller butikk? Mulighetene er uendelige, akkurat som horisonten. Naust og sjøhus er en viktig del av vår kulturarv, og de fortjener vår oppmerksomhet og vårt engasjement slik at de blir med oss inn i fremtiden.

Oslo, juni 2025

Hanna Geiran

Riksantikvar





Lite fisk på hjell

– Det er helsa som bestemmer kor lenge me skal halda på, seier Helge Pedersen. Den godt vaksne karen er ein av fire–fem som har godkjend fritidskvote for fiske i Kåfjorden. I dag er det berre ein einaste registrert yrkesfiskar att i dette området. Storparten av alle dei raude etterkrigsnausta langs Kåfjorden er avskilta eller svært lite i bruk.

Fritidsfiskarane kan levera 1000 kilo fisk i året. Fisket føregår frå oktober til mai, men midt på mørkaste vinteren er det ikkje så freistande å dra ut med båten. Pedersen har naust på stell og fisk på hjell på Langnes. Det vil seia, denne vesle, spisse hjellen som han har, blir kalla hesje, og det heng ikkje så mykje fisk til tørk i hesja hans i år. Forklaringa er at det denne vinteren har vore svært god pris på rund torsk. Då slepp fiskarane arbeidet med å sløya og tørka. Dei kan levera fangsten omgåande på det lokale fiskemottaket.

Stundom møtest Helge Pedersen og sambygdingen Nils Samuelsen ved garna ute på fjorden for å slå av ein prat.

– Me snakka nyleg om kor lenge me skal halda på med dette. Nils meiner me må driva på til me er 90, seier Pedersen. Det er nokre år til.

Begge er dei hekta på dette heimefisket. Som fiskarar og fisketilverkarar brukar dei nausta sine meir enn dei fleste. For desse karane er dette ei livsform. Kvar morgon, så sant veret tillet det, er dei på fjorden for å dra garn. Når Samuelsen kjem til lands til naustet sitt på Brattland i ti-tida, står det ofte folk på kaien for å kjøpa kokefisk og slå av ein prat. Samuelsen byr på kaffi, og praten kan vara i timesvis, i det naustrommet som har fått namnet Kafe Marbakken. I juni blir torsken henta ned frå hesjer og hjellar, pakka og lagt mørkt til ut på sommaren då ein fiskeoppkjøpar frå Lofoten kjem for å henta tørrfischen.



Det er ikkje mange aktive fiskarar att ved Kåfjorden, berre ein yrkesfiskar og ei handfull eldre karar som har fritidskvote. Helge Pedersen er ein av dei som er hekta på heimefiske. Så sant veret er bra, må han ut på fjorden for å dra garn kvar morgon. Her har han selskap av hunden Alfred.







Den eldre garde i Skardalen tek vare på kulturminna, til glede for born og barneborn som padlar, ror og seglar med båtane som har fått nytt båtskjul.

Oppå steinveggene i det nye båtskjulet i Skardalen ligg taket som er reist av bjørk og tekt med torv. Per Larsen i Skardalen bygde- og kulturlag (til venstre) og Nils Samuelsen.





Der fiskarbonden
var væreigar

Mellom store steinblokker som ein gong rasa ned frå Skaftnestinden, ligg naustet på Skaftnes gard på Vestvågøy fullt av båtar som tilhøyrrer stiftinga Museum Nord. Garden med våningshus, låve, bryggje og naust har sommaropne for gaida turar gjennom historia til fiskarbonden.

Storbåtnaustet, som har plass til to fembøringar, eller tre åttringar, stod til nedfalls då siste bonden gjekk bort. I 1990 gav enka garden med grunn, bygningar og innbu til Vestvågøy kommune. Skaftnes blei museum og naustet vart sett i stand med nytt tak. Museet har til tider brukt det romslege naustet som vinterlager for det atten meter lange vikingskipet Vargfotr. No ligg sju ulike båtar mellom steinveggene på det skrånande naustgolvet, fem båtar heng frå taket over tønner og stampar, garn og nøter. Treroringen med råsegl er framleis i bruk. Vikingskipet har fått tak over hovudet i vikingskipsnaustet på Borg, der det tek Lofotr vikingmuseum sine gjes-ter med på tur.

Skaftnes gard har vore sjølveigande sidan 1700-talet. Midt på 1800-talet vart husa fornya, den store bryggja på steinkar er frå den tida. I tillegg til gardsdrift og eige fiske skaffa familien på Skaftnes seg levebrød som væreigar. Dei kjøpte og selde fisk og hadde butikk i bryggja. Tilreisande, som kom for å vera med på lofotfisket, fekk løyve til å fiska utafor Skaftnes mot å forplikta seg til å selja fisken til væreigaren her. Varene dei trong under opphaldet i Lofoten, måtte dei kjøpa her på garden. Fiskarane budde i rorbuer som det er spor etter på eigedommen,

«—

Saksenvik, Saltdal.

Skaftnes ligg i Vestvågøy kommune, ved Sennesvika, ein arm av Vestfjorden. Det sommaropne fiskarbondetunet på Skaftnes tilhøyrrer stiftinga Museum Nord.





Barskt
på yttersida

lege vegar. Når vegen er stengd, er det nyttig å ha båt i naustet. Både dagens ståande naust og grunnmurane etter naust som er borte, er plasserte lengst mogeleg unna flomålet. Når storhavet står på er det ikkje greit å vera naust her.

Yttersida av Lofoten har Norskehavet midt imot. Her er fjella kvasse, strendene kritkvite og klimaet svær krevjande. Langs yttersida er det spor etter mange fråflytta buplassar. Berre delar av murane står att etter dei mange nausta som ein gong var i bruk her.

I Lofoten seiast det at fiskarbonden er eit par, ein fiskar i bukse og ein bonde i stakk. Ho hadde alt ansvar heime, han var heimanfrå store delar av året. Slik var det til langt inn på 1900-talet. Dei som budde på yttersida var sjølveigande, dei var ikkje prisgjevne ein væreigar som dei på innsida av Lofoten. Slik sett var dei privilegerte, men dei kom til kort då moderniseringa sette inn. Med større fiskebåtar fekk fiskeria prestisje, gardsdrifta kom i skuggen. Dei små veglause grendene og buplassane på yttersida vart ikkje tekne med i velstandsutviklinga etter krigen. Dei fekk korkje vegar, hamner eller straum. Folk flytta i flokk til meir sentrale strok. I dag er det ingen fastbuande på yttersida av Lofotodden. I dei større havvende grendene på Vestvågøy vart folk buande. Her, blant anna i Uttakleiv, på Unstad og Haukland er det framleis eit aktivt landbruk og nasjonalt verneverdige kulturlandskap.

På Uttakleiv ligg ei av dei kjende og svært populære strendene i Lofoten. I søre enden er det laga til ein campingområde for dei mange turistane som kjem hit. Dei fastbuande prøver å leva som dei har gjort, med gardsdrift og ein båt ved naustet i stoa.

Fleire av nausta i Uttakleiv har sett sine beste dagar. Usynet herifrå mot Lofot-tindar lenger nord, er svimlande vakkert. Det er ikkje rart mange vil oppleva landskap som dette.

Lengst nord på Flakstadøya ligg grenda Myrland i enden av ein av landets mest rasfar-

Uttakleiv.



Uttakleiv.



Myrland.







Stokmarknes, Hadsel.

Steine, Vestvågøy.

Årbogen.



Steine, Vestvågøy.

Kabelvåg, Vågan.

Vennesund, Sømna.



Ørnes.

Sortland.

Årbogen.

Grov.

«En meget
gammel type nøst»

Eit storbåtnaust med sval på begge langsidene kom frå Fløan i Skatval til Sverresborg Folkemuseum i Trondheim i 1958. Frå gammalt av låg nausta tett langs heile Skatval-landet, nord for Stjørdal. Både bønder og husmenn hadde naust, og fjordfiske var viktig for alle. Nokre var yrkesfiskarar som omsette det meste av fisken sin i bygda. For dei var det om å gjera å vera førstemann i land for å få selt dagens fangst.

Sist i 1950-åra var det ei rekkje med elleve naust på Fløan. Fleire av nausta var store tømranaust med svaler. Desse vart omtala som «en meget gammel type nøst som har vært i bruk langs Trondheimsfjorden, men som det nå finnes svært få igjen av». Storbåtnaustet på Austre Fløan skulle vekk for å gje plass til eit nytt naust. For folkemuseet vart naustet eit viktig hus i kystsamlinga med utstillingsplass for museet sine gamle båtar. Museet overtok også eit tømranaust med ei sval frå Fløan, men dette vart aldri sett opp att og måtte kasserast i 2014.

Storbåtnaustet på Sverresborg er ni meter langt og nesten like breitt. Det store spontaket strekkjer seg frå den kompakte tømmerkassen og ut over svala på begge sider. Det er båtar på utstilling både inne i naustet og under svalene. På sørsida av naustet ligg ein halvfemterømning frå Frosta, ein lastebåt frostingane brukte når dei frakta landbruksvarer til Trondheim. I svala på nordsida ligg ein storfiring frå Ørlandet. Inne står museet sin fembøring, under taket heng ein færing. Alle båtene til museet er bygde i Åfjord, og mykje gammalt båtutstyr følgde med dei til Sverresborg. Høgt oppe på tverrveggen til storbåtnaustet er det eit hol i veggen. Der stakk dei inn stormasta når fembøringen var komen vel i hus. På masta der høgt over båtrommet hang seglet til tørk til neste tur på fjorden.

Det finst framleis nokre tømranaust med sval på opphavleg plass ved Trondheimsfjorden. Eit av dei ligg på øya Vaggen i Steinkjer og er nyleg restaurert. Tilsette ved museet Kystens Arv, som har fotografert eldre naust langs strendene mellom Leksvik og Frosta, kom over fleire andre. Museet kartla eldre naust på oppdrag frå Trøndelag fylkeskommune. Dei enda opp med bilete av 400 naust på denne strekninga. Av desse var 20–30 tømranaust, til dels store, somme var svært velhaldne. Nokre var bygde med tømmer i første høgda og reisverk i andre. Båtbyggjar Einar Borgfjord, som var med på dette arbeidet, seier museet har merka seg 15–20 naust dei vil sjå nærare på for å leita etter gamle båtar og bruk.

På garden Elnan ved Beitstadfjorden ligg eit uvanleg stort tømranaust utan sval. Naustet er tolv meter langt og ti meter breitt. Opphavleg hadde det spontak. Dette er eit fellesnaust frå 1850, opphavleg for gardane Midtre og Østre Elnan. Ein langsgåande tømmervegg midt i bygningen deler naustet i to. Ei lita fiskeskøyte har lenge hatt fast plass i det eine høglofta naustrommet.

Storbåtnaustet på Sverresborg folkemuseum i Trondheim er eit av svært få slike tømranaust med sval på begge sider. Museumsnaustet vart flytta hit frå Fløan i Skatval i 1958.



Tømranaust med sval
på Vaggen i Steinkjer.



Dobbelt tømranaust på Elnan i Steinkjer. Naustet er mest tolv meter langt og ti meter breitt. Opphavleg hadde det torvtak.



Arasvika i Aure.





år. Storbåtnausta hadde plass til to åttringar. Med så store båtar dreiv Ullabøndene vinterfiske etter torsk. Når karane kom i land, overtok kvinnene som salta og tørka og gjorde klippfisker klar til levering. Ved nausta hadde kvar gardbrukar si saltebu. Berre i av desse står att i lag med nausta.

Nokre av nausta er stavreiste, men dei fleste er store grindbygg, eit av desse har åtte grinder etter kvarandre. Grindene står tett og er godt avstiva med kryssande skråstrevarar på langveggene, doble skråband på grindene og kryssande undersperrar i gavlane. Alt dette for å stiva av konstruksjonen og for å halda bygningen på plass når vinden pressar og løftar. Bygningar som dette er ikkje festa til grunnen, kvar grind står på steinheller oppå bakken. Åtte av ni naust har torv eller skifer på taket, tekke som gjev tyngde og medverkar til stabiliteten.

Dessutan har nausta god støtte i kvarandre. Ved å stå slik skulder ved skulder dannar dei ein felles front mot uvêret. Eit storbåtnaust midt i rekkja, som tidlegare var svært skada, vart rive då det sist i 1960-åra skulle byggjast veg med bru frå Ulla til Flemsøya. Entreprenøren laga veg gjennom nausttufta og over støa for å få materialar og utstyr fram til brubygginga. Truleg var denne opninga medverkande til store skadar på naustrekkja under orkanen i 1972. Ved restaureringa vart rekkja tetta og atter gjort komplett.

Dei som har retta opp, rekonstruert og restaurert naust på Ulla, har late seg imponera av dei fleire hundre år gamle bygningane. Guttorm Ulla sa det slik: «Me bøyer oss i støvet i respekt for geniale byggjemåtar, solide konstruksjonar og kvalitet på material som er brukt.» Negardnaustet lengst nord i rekkja er det eldste, der er den fire hundre år gamle grindverkskunsten tilgjengeleg for dei som vil studera korleis dei bygde her, lengst nord i det vestnorske grindverksområdet.

Det gamle klyngetunet på Ulla låg ved stranda like innom naustrekkja. Mest alle dei 40 husa til dei åtte familiane i tunet brann i 1849. Men øyfolket bygde husa opp att på same tuftene. På Ullahammaren like ved var det butikk. Robåtar henta i land varene frå lokalbåten ute på vika

og inn til vorren ved nausta. Knut Hallvard Ulla hugsar skinnegangen oppå vorren, på den vart tunge ting som sirupstønnene trilla i land, plasserte på ei vogn og bukserte vidare til butikken. Bøndene på Ulla hadde godt beite-land på Ullaholmen. Før holmen fekk vegsamband, måtte dyra roast over sundet. Det var den mellomstore robåten, trerøringen, som vart brukt til frakt av varer og dyr. Og med færingen rodde tenestejentene att og fram til Ullaholmen morgon og kveld heile sommaren for å mjølka dyra. Då nausta fekk nye torvtak i 1990-åra, var også Ullaholmen god å ty til. Ein skuleklasse tok jobben med å skjera torv der til naustvølinga.

Første båten med motor kom til Ulla i 1905. I 1965 fiska alle med motorbåt, og det var aktivt fiskeri på Ullagarden til 1975. Men settarlandet og støene ved Ulla var skapte for ei anna tid. Her var det for grunt for dei nye og stadig større fartøya. Nausta si tid som viktige driftsbygningar for fiskarbonden var forbi. Men så lenge færingerane var i bruk til heimefiske, var dei gamle sjøhusa til nytte.

Dagens bruksbåtar ligg i småbåthamna om sommaren og på bilhengar om vinteren. I nausta står dei gamle båtane, delvis tildekte, der heng garna og alle blåsene under dei fleire hundre år gamle grindene som har vore gjennom så mange stormar. Når det har gått gale og naustrekkja har vore i kneståande, har gode krefter trødd til, retta henne opp og fått henne på rett kjø.

Kva skjer no når nausta ikkje lenger er i bruk, no når eigarane bur andre stader, når ingen lenger ser ut til å bry seg om tak som lek, og om aukande forfall? Kva skjer om orkanen knekkjer naustrekkja endå ein gong? Kven skal då redda Ulla-nausta?

Det er ikkje vanskeleg å sjå spora etter alle båtane som er dregne opp i støa her.



Her har dei rodd vinterfiske etter torsk med store sunnmørsåttringar. Om sommaren drog dei langt til havs etter brosme, lange og kveite. Mykje av utstyret dei trong, finst framleis i nausta.



Kyrkjebuene
som blei borte

Sunnmøringar som budde inst i dalane med lang kyrkjeveg, hadde ikkje berre naust og båt ved sjøen, mange hadde også ei kyrkjebu i naustområdet på strandstaden, ei kvilebu for folk og hest på kyrkjeferd. «Budabyen» kalla dei den lange rekkja av kyrkjebuer på Sylte i Valldal.

Kyrkjebuene låg som regel bak naustrekkja, i rekkje eller som ei klynge, på ein allmenning der nokre gardar hadde rett til å byggja bu på same måten som dei alle hadde kvar sin naustrett. Buene var torvtekte små tømra stover på tre gonger fem eller fire gonger seks meter, med berre eit rom og ein liten stall i eine enden. I buene hadde dei som var på reise, matøkt. Her kunne dei kvila, og her kledde dei seg om. Kyrkjekleda hang klare i bua. Buene var også lagerrom for salsvarer frå gardane som skulle vidare med jekter til Bergen eller Ålesund.

Sidan mellomalderen hadde dette vore eit viktig sjøhus. Det fanst kyrkjebuer på Stranda, i Stordal, på Sjøholt, i Tafjord og altså spesielt mange på Sylte. Lenge var Valldal utan eiga kyrkje. Då gjekk kyrkjeferda vidare over fjorden frå Sylte til Norddal. Først når kyrkjebåten var tilbake i naustet og kyrkjekleda hang på sin faste plass i bua, var gardsfolket frå inst i Valldal klare for hesteskysen heimover dalen. Det seiast at kyrkjebuene i Valldal også til dels fungerte som hytter ved sjøen for eigarane. Det hende dei overnatta i bua når dei var til Sylte på handel.

Flodbølger frå ras i fjordsidene har gjennom tida øydelagt mange buer og naust langs dei inste sunnmørsfjordane. Seinare har bygdeutviklinga slukt mange slike kulturminne. I «Budabyen» på Sylte vart dei siste 22 kyrkjebuene rivne i 1957 for å gje plass til den nye rutebilstasjonen. Riksantikvaren ville verna det spesielle kulturmiljøet, men eit fleirtal i kommunestyret avgjorde saka. I alt fekk 79 ulike grunneigarar betalt for denne tomta. Det seier litt om bøndene sine rettar ved sjøen. I dag står fire av kyrkjebuene frå Sylte på Sunnmøre museum i Ålesund.



Nausta som
tilpassa seg turisttida

Dei i dag så solsvigde nausta i Geiranger var bygde då dei første turistane kom seglande inn Storfjorden i 1869. Nausta står no med ein fot i den gamle støa og ein i turistgata der det kan ferdast 10 000 tilreisande på ein god sommardag.

Opphavleg var dette vanlege små grindnaust med torvtak. Nausta låg i ei rekkje mellom den gamle bygdevegen og sjøen. Med turistane kom nye tider og nye moglegheiter. Nausta vart utvida i høgda, med ein ekstra etasje som fekk vindauge mot fjorden og dør inn frå den nye vegfarande trafikken. Eit gammalt bilete frå 1920 viser ei rad med opne bilar langs vegen bakom den påbygde naustrekkja, ventande på turistkøy-ring.

Over nokre naust vart det laga garasje til bilen. Andre opna butikk der i andre nausthøgda. I dag er det sal av reiseminne, mat og drikke og ymse Geiranger-opplevingar i desse øvste naustromma med inngang frå turistgata. I eine naustet er det sjokoladefabrikk nede og butikk oppe.

Om Geiranger-turisten synest reiselivet blir i heftigaste laget oppe i turistgata, kan det vera redninga å pusta ut nede i støa, i den langt meir fredelege strandkanten framom naustrekkja, eit gratis reiseminne som let seg lagra på netthinna lenge.

Nausta i Geiranger har endra form og funksjon i takt med turistutviklinga i bygda.



Oldeide, Bremanger.





Alt har sin plass i mylderet på strandstaden Solvorn i Sogn. Ytst ligg sjøbuene på bryggjer av bolverk. Så kjem nausta og bak dei mange små stover bygde for jordlause strandsitjarar. Dei som hadde meir å rutta med, busette seg i sveitserhus lenger oppe i bygda.

Solvorn er den einaste strandstaden i Sogn som har den opphavlege kontakten med sjøen. Her har ingen moderne inngrep skipla dei gamle strukturane. I tillegg til stova hadde strandsitjarane som regel stabbur og eit lite fjøs med plass til ei ku eller nokre sauer. Fleire av desse uthusa står framleis. Dei som budde her, livnærte seg elles av fiske, handverk og arbeid på gardane. Før til kua fekk dei henta på slåtteteigar langs fjorden. Det var ikkje uvanleg å lagra tørrhøyet i naustet. Eit av nausta her var opphavleg eit tobakkshus. Kring år 1900 vart det dyrka tobakk på mange gardar i Luster. Dei bygde eigne, luftige hus for tørking av tobakken. På det meste var det seks-sju slike i Solvorn.

Husa i den tette klynga måtte ikkje byggjast tettare enn at det var passasje mellom dei og fri ferdsel til sjøen. Slik er det framleis. Også dei små bekkene som hadde faste vaskeplassar, er intakte. Nausta tilhøyrrer dels strandsitjarane, dels gardane i bygda. Frå gammalt av hadde også gardar i nabobygda Hafslo og grenda Mollandsmarki naust i Solvorn.

Når nokon vil ha ein gaida tur i strandstaden, tyr dei ofte til Arne Kvalen. Han fortel Solvornshistorie og inviterer gjerne gjestene med inn i sjøbua si, som opphavleg var bestefaren sitt fjøs. Her har Kvalen laga utstilling av ting han har teke vare på etter forfedrane.

Innimellom alt hang eit bilete av kong Haakon og dronning Maud som etter ei tid vart flytta til doen. Då dronning Sonja kom på omvising, vart

dette biletet etterlyst. Kvalen måtte innrømme kor han hadde plassert det. «Det er der det skal vera», sa dronnninga.

Frå 1600-talet var Solvorn handelsstad, her kom skysstasjon, gjestgjevarstad og tingstove. Familien som starta gjestgjevarstaden, tek framleis imot gjester i Solvorn, i dag på Walaker Hotel.

Mange besøkjer strandstaden på veg til Urnes stavkyrkje på andre sida av fjorden. På returen er det naustrekkja som tek imot når båten er på veg til kai i Solvorn. Heile den tette strandstaden vart verna i 1995. Med vernet kom reglar som hindrar utvendige endringar i bygningsmiljøet. Arne Kvalen meiner at vedtaket om vern har redda det unike bygningsmiljøet i Solvorn.

Naustet til høgre har svært luftig kledning. Her vart det tørka tobakk den gongen tobakkdirking var ei populær næring i indre Sogn.



Fisket var hovudnæringa på dei fire bruka på Krossøy, ei lita grend ved innseglinga til Fensfjorden, lengst nord i Austrheim kommune. Sjøbruksmiljøet her er freda og i svært god stand. Kvar av dei fire grunneigarane har tre hus ved sjøen: naust, sjøbu og torvhus. To bruk har torvhus og bu under same tak. Alle husa er grindbygde, dei fleste frå sist på 1800-talet. Bygningane står på oppmura kaiar og steinkar. To av nausta har stø med lunnar. Gamlehamna, som plassen blir kalla, ligg i ly for vind og tunge bårer frå havet. Husklynga står som ho gjorde då dei siste aktive fiskarane gav seg i 1970- og 80-åra. Nokre av dei heldt fram med fiske som pensjonistar, men no er den gamle hamna mest i bruk for ferie og fritid. Det er framleis fire fastbuande på Krossøy. I påska og om sommaren aukar folketalet mykje. Krossøy grendelag samlar alle ved sjøen påskeaftan og til Krossøydagen ei helg i september. Då kan dei dekkja til 100 med bord og stolar som står lagra i det eine torvhuset.



Krossøy.



Landøy i Austrheim.

Husmannsnaustet i Vika.
Husmannen som budde her i Vika
i Eikangervåg til 1957, vart kalla
Hermann i Vikjæ. Han hadde ei ku,
bygde båtar og feler og fiska frå det
vesle steinnaustet. Det er laga eit spel
om Hermann i Vikjæ som vart fram-
ført på husmannsplassen sommaren
2022.





Naust for ostrakister og tresko

Nausta i Mjøsvågen på Osterøy har meir enn båtar å by på. Bøndene her hadde naust for å skaffa seg matauk frå fjorden. Men nausta blei også tilhaldsstad for ulike typar bygdehandverk. Initiativrike ostringar laga seg verkstad i ledige naustrom for å spe på inntektene. Blant anna produserte dei kister og tresko. I dag er tresko-fabrikken og ein kisteverkstad attraksjonar i det godt ivaretekne naustmiljøet.

Frå midten av 1850-åra vaks det fram eit rikt handverks- og småindustrimiljø rundt Mjøsvågen i bygda Hosanger. Her var garveri, fargeri og fleire sagbruk i tillegg til dei nemnde verkstadene, som også laga tovesko. Hundre år seinare var dette unike miljøet lite endra. I 2001 vart mest alle naust og verkstader her verna på grunn av høg kulturminneverdi. Vernet hindrar riving av bygg og stiller krav til utforming og materialbruk ved vøling og vedlikehald. Fleire av nausta har fått tilskot frå Kulturminnefondet til restaurering.

På det meste var det sju kisteverkstader ved Mjøsvågen. Frå 1870-åra vart det produsert reisekister og kister til lagring av klede, dei laga amerikakoffertar i papp og tre til dei mange emigrantane, sjømannskister og små skrin. Kistene vart rosemåla, mange med alperoser. Ostrakistene var populære, ikkje minst i Bergen. Verkstadene samarbeidde gjennom Osterfjorden Kistecompagni, som i 1904 produserte til saman 1382 kister, koffertar og skrin til ein verdi av 800 000 2016-kroner. Planane dei hadde om ein større felles kistefabrikk, vart det ikkje noko av. Kring 1920 var det slutt på kisteproduksjonen.

Lars Mjøs deler gjerne Mjøsvåg-historie med tilreisande. Treskolageret på denne naustlemen plar overvelda dei som kjem for å sjå. Treskoverkstden la inn årane i 1950-åra, men framleis er det folk i bygda som kan laga tresko, og maskinene i verkstden fungerer.







Naust på betongbein! Maken til naustrekkja i Øklandsvågen på Hundvåkøy i Austevoll finst ikkje. På sørsida i den vesle vestvende vågen står fire naust som på stylter. Dei raude sjøhusa skyt fram høgt over vassflata. Båtar som legg inntil den smale kaien, kan heisa varer og små båtar inn og ut gjennom dørene i gavlveggen. Det ligg båtar både inni og innunder desse husa. Gamle murar innunder og bakom eine naustet tyder på at det tidlegare har lege eit større steinnaust her. No er det ei stund sidan det var nemnande aktivitet her inne i denne vågen. På sørsida i vågen står også to andre naust, det eine med steinvegger og delar av helletaket synleg. Inst i vågen ligg to andre gamle naust, det eine langt frå flomålet og havbårene som til tider fyller den tronge vågen.

Mura trapper fører frå kaien opp til dører i andre høgda.



Øklandsvågen, Austevoll.

Stekka er ein ynda plass for sommarliv ved fjorden. Båtane som ligg på ile røpar at nausta er i bruk, men at robåtane er skifta ut med meir moderne farkostar. Langs stranda ligg sjøhus med ulik alder og funksjon. På høge murar under trea ved elveutløpet står Stekkakverna og Stekkasaga.





Naustet som var motiv i romanen *Naustet* av Jon Fosse, vart rive under ei vegutviding i 1970-åra. Naustet som har tilhøyrt garden Myra, der forfattaren vaks opp, er selt til Fosse-stiftinga saman med barndomsheimen til nobelprisvinnaren. Dette skal renoverast og bli tilgjengeleg for tilreisande som kjem til Strandebarm for å bli betre kjende med Jon Fosse og landskapet han kjem frå. Planen er at det skal etablerast eit Fosse-senter i bygda.

Inst i Fossvågen ligg eternittnaustet som skal få skifer på taket og bli ein del av Fosse-senteret. Naustet forfattaren hadde i tankane då han skreiv romanen *Naustet*, låg i stranda nedom bedehuset som Fosse-stiftinga har gjort om til Fossehuset. Dagens naustrekkje tel tretten naust for gardane Fosse og Brekke samt skogagardane Haukås, Tufta, Sjusete, Solbjørg og Engjadalen. Somme eig naustgrunnen, andre ikkje, og fleire av nausta er ei sameige. Tre av bygningane er laftanaust frå 1700-talet eller tidlegare, dei fleste er grindbygg. Nokre er nyare naust, og tilstanden i naustrekkja er svært varierende. Eit naust står med nedrasa tak, og vegetasjonen har teke overhand mellom og rundt nausta i dette litterære landskapet til nobelprisvinnaren. Med slik status burde naustområdet fått litt betre stell. Kvam herad arrangerte eit møte i Fossehuset som oppmoda til naustvøling våren 2024. Kristin Solberg, som er medeigar i det ytste naustet, seier det hadde vore fint om ein kunne få til eit felles restaureringsprosjekt for naustrekkja.

Knut Øystein Fosse vaks opp i lag med Jon Fosse. Han har fått mange spørsmål om det er han som er motiv for personen Knut i romanen *Naustet*.

– Det trekantdramaet var nok ikkje eg ein del av, smiler han, men fortel at han og broren leika mykje i lag med Jon Fosse i og omkring nausta. Om sommaren var dei ofte på fjorden i kvar sin båt med påhengsmotor, eller dei spela fotball. Om vinteren gjekk dei mykje på ski.

– Jon deltok i fleire idrettar før musikken og andre interesser overtok. Me leika overalt, også i det naustet som den romanen handlar om. Det er lett å kjenna att miljøet her i *Naustet*, men endå meir i delar av *Septologien*, seier Knut Øystein Fosse.



Naustet til høyre er Jon Fosse sitt naust. Etter at dette biletet vart teke, har Fossestiftinga overteke barndomsheimen til forfattaren med naust. No er eternitten borte, naustet har fått trekledning og skifer på taket.

Grenda Tjoflot tilhører Voss, men ligg ved fjorden, der Hardangerfjorden deler seg og sender fjordarmar til Granvin, Eidfjord og Odda. Over Tjoflot ruvar fjellet Oksen. Fjorden var vegen heilt til i 1984 då bilvegen kom. I vegløysa kom det vel med å ha store sjøhus og ei god stø.

Sjøbua lengst til venstre hørde til husmannsplassen Jakobslåtten. Bua har skifta eigar fleire gonger etter at plassen vart fråflytta. To naust med vindauge i gavlen tilhører to av gardane på Tjoflot. Det vesle bustadhuset har vore hus for fastbuande, men er no feriehus. Det siste naustet i rekkja tilhører småbruket Naustbrekka, som ligg ved sjøen og er ein feriestad.





Solhåla på Karmøy

Solhåla er ei lun, lita vik ved tettstaden Veavågen på Karmøy. I det vesle naustmiljøet her ligg to gamle naust inst og to sjøhus framom desse. Nausta er eldst, frå kring 1750, sjøhusa kom i 1870-åra. Solhåla var felleseige og sams arbeids- og samlingsstad for tre bruk på garden Vea.

Dei gamle nausta har steinmura vegger, trekledning i gavlane og takkonstruksjon frå siste halvdel av 1800-talet. I delar av nausta er det plankegolv. Færingane som ligg lagra her, har ikkje vore på sjøen på svært lenge. Sjøhusa er stavbygde med grunder, stavleie og sperrer. Dei ligg på oppmura grunn, delvis ute i sjøen for at båtar skal kunne leggja til ved sjøhusveggen. Sjøhusa med svaler kom då fiskeria vart moderniserte. Notbruka vart større, det vart trong for meir lagerplass. Om vinteren salta dei sild her i dei romslege buene. Dei utvendige svalene var tørkeplass for garn og nøter. Under golvet i kvart sjøhus er det ein brunn til å skylja garn i.

Her, nær havet, var fisket vel så viktig for bøndene som jordbruket. Viktigast var sildefisket i januar og februar, elles i året dreiv dei med heimefiske. Mennene på garden hadde heile tida mykje å gjera her nede i Solhåla, arbeidet heime på garden var det kvinnene som tok seg av.

I dag er det Haugalandmuseet som har ansvar for sjøhusanlegget i Solhåla.

Når ringnotbåten MS Veia ligg til kai ved Solhåla blir kontrastane svært tydelege mellom tilhøva til fiskarbonden på Karmøy anno 1800-talet og dagens fiskeri. Dette er den femte båten med namnet Veia som har heimehamn her sidan 1930-åra. Dagens båt har plass til 1700 kubikk fisk i lasterommet.





Ved dei tre steinnausta på Sør-Varhaug ligg ein minnestein over den siste statslosen som budde her, Erik Olsson Varhaug (1857–1913). Frå gammalt av var det losar på mange av sjøgardane på jærkysten, mellom anna på Kvassheim, Hårr, Madland, Sør-Varhaug, Sør-Reime og på Obrestad. Jærlosane kappast om å tilby tenestene sine til skip som kom forbi, og losinga skaffa kjærkomne attåtinntekter.

Jærkysten er farefull, mange skip har forlist her, og dei sjøfarande hadde stor nytte av dei lokalkjende losane. Alt i 1274 vart det lovfesta i Magnus Lagabøters landslov at losane skulle ha betalt for arbeidet. Kring 1720 vart losane offentleg tilsette med sertifikat på losing på ein avtalt strekning. Losyrket gjekk ofte i arv frå far til son. Å vera los skaffa ikkje berre kontantar til gards, men også status i bygda, og etter kvart fekk losen statspensjon. Losen heldt seg med eigen båt og med mannskap. Båtane var små og dårlege og mange losar har omkome på havet. Når losen skulle borda skipet, måtte han ofte hoppa i sjøen med kasteline rundt livet. Losgutane segla losbåten heim. Med tida fekk dei større båtar, men langs Jæren var det ingen naturlege hamner der desse losskøytene kunne leggja til. Her var difor små, opne robåtar med segl i bruk til kring år 1920.

Erik Varhaug hadde ein seksæring med tre par årar som losbåt, og han hadde med seg to losgutar til å ro. Ved kyrkja på garden, i dag Varhaug gamle kyrkjegard på Sør-Varhaug, hadde han fast utkikksplass. Der speida han med langkikkerten etter båtar som signaliserte at dei hadde bruk for los. Han svara ved å tenna ei lykt for å visa at båten var registrert. Så var det å kappast med andre losar i området om å koma

først ut til skipet. Den som først kom seg om bord, fekk losjobben.

Dei tre nausta på Varhaug ser ut som gamle jærnaust flest, med steinvegger og pannetak. Likevel er dei annleis. I steinnausta er det vanlegvis dei tørrmura veggene som ber taket. Her kviler taka på ein innvendig grindverkskonstruksjon med stavar som står på bakken. Truleg er det slik fordi dei doble murane er bygde av rullestein. Slike runde steinar er ustabile, muren har lett for å rasa ut. Dei siste 15 åra har Jærmuseet måtta reparera murane på Varhaug-nausta fire–fem gonger.

Det ligg ein gammal båt i kvart av nausta på Varhaug, men losbåten til Erik Varhaug er borte. Nausta har ikkje vore i bruk sidan 1960-åra. Hå kommune held tilsyn med Varhaug-nausta, og Jærmuseet hadde storvøling på alle tre våren 2023. Då fekk to av nausta nytt tak med sperrer, på det tredje vart åstaket fornya.

Når vraket ikkje kunne bergast etter forlis, hende det at bønder på Jæren fekk hand om havaristen og gjekk saman om å hogga opp skipet. Då var det liv og røre langs strendene. Både skipsdelane og det som var å få tak i av lasta, vart selt på vrakauksjonar. Desse auksjonane var svært populære, dei blir omtala som folkefestar, ofte med plass på førstesida i avisene. Alt gjekk ikkje like fint føre seg når så mange samlast. Gamle-lensmannen, Jon Jonsen Haarr (1794–1880), sa det slik: «Når me får vrak, verte folk au vrak.»

Varhaug opphoggingsselskap vart skipa etter at bergensbåten «Fossli» gjekk på grunn ved Nord-Varhaug i 1908. Fram til 1954 vart femti båtar demonterte av dette selskapet i Varhaug-fjøra. Nokre var forliste vrak, andre gamle skuter som var kjøpte til opphogging. Tradisjonen med å invitera til auksjon vart halden ved like så lenge hogginga føregjekk.

Ein annan aktivitet som skaffa kontantar til gards på Jæren, var tarebrenninga. I perioden 1882 til 1932 var dette ei viktig attåttnæring for mange kystnære vestlands-gardar med strandrett. Om våren samla små og store seg i fjøra for å sankta tare og leggja denne til tørk. Etter nokre

veker vart taren brend utan open flamme, som i ei kolmile. Slik blei det mest og best oske, og oska vart seld som råstoff til produksjon av jod. Nausta var lagerplass for sekkane med oske før oppkjøparen skipa dei vidare. Tidlegare vart oska frå tarebrenning brukt til produksjon av glas.

—>>

Hadde det ikkje vore for dei raude takpannene ville vi knapt sett naustet på Stavnheim i Hå.

Her er tre naust og to gamle tufter. Naustet til høgre tilhøyrrer losgarden på Sør-Varhaug.



Norge





Eva Røyrane (f. 1956) bur i Ølve i Kvinnherad. Som journalist i Bergens Tidende frå 1987 til 2013 har ho skrive mykje om bygdeliv, arkitektur og bygningsvern. Ho har også jobba ved NRK sitt distriktskontor i Sogn og Fjordane og ved Universitetet i Bergen. Røyrane har skrive ei rekkje bestseljande bøker om norske byggetradisjonar.

Oddleiv Apneseth (f. 1955) bur i Bygstad i Sunnfjord. Han var fotograf i Bergens Tidende frå 1987 til 2007. I 1997 fekk han 2. premie i den verdsomfattande konkurransen World Press Photo. I tillegg har han vunne prisen for Årets bilde i Noreg 1994 og 2005, samt fleire andre norske presseprisar. Han har medverka i 15 ulike bøker.

Foto:

Alle foto er tatt av Oddleiv Apneseth, untatt s. 284, nederst: Fylkesarkivet i Vestland, ukjent fotograf.

Måleriet på s. 343 er måla av Magda Kråkenes og er fotografert av og trykt med løyve frå Roar Kråkenes.

Omslagsfoto er frå Fossvågen i Strandebarm, Hordaland.

Boka er utgitt med støtte frå Fritt Ord, Kulturminnefondet, Kunnskapsdepartementet ved Lærabokordninga for høgare utdanning.

Forfattaren har fått støtte frå Det faglitterære fond (NFFO).

Formgjeving: Silje Nes

Repro: Italgraf Media

Font: Prosjekt Antikva

Papir: Magno Natural 120g

Trykk og innbinding: Livonia Print

© SKALD 2025

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-405-5

Så lenge folk har halde seg med båtar, har det vore bruk for naust som ly mot vind og vêr. For fiskarbonden var naustet ein like viktig driftsbygning som løa, men i dag er det annleis. Mange naust står i fare for å forsvinna.

Forfattar Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth har reist langs heile kysten for å dokumentera den rike byggetradisjonen og for å finna svar på korleis nausta kan bergast for framtida.

